

Aleksander Hjelmtveit  
SEIMSLITET 39A  
5912 Seim

Ikkje off.  
§ 26 5. ledd

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9468 - 22/25303

Saksbehandlar:  
Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.  
kommune.no

Dato:  
04.04.2022

## Informasjon om skogbruksplan

I 2021 vart det sendt ut tilbod om ny skogbruksplan og fristen for tinging var satt til 1.mars i år. Antal tingingar har vore svært låge og vi kontaktar derfor no skogeigarar med eit visst skogareal som framleis ikkje har tinga plan. Det er mogleg nokon har tinga plan før dette brevet vart sendt ut og dei kan i så fall sjå bort frå dette brevet.

Det er framleis mogleg å tinge plan og Landbruksavdelinga i kommunen ønskjer at flest mogleg nyttar moglegheita no som det blir gitt statstilskot. Vi ber om at alle skogeigarar setter seg inn i fordelane med å tinge plan, og ulempane med å ikkje gjere det. Nedanfor er det laga eit informasjonsskriv frå utførar av skogbruksplanane, AT-skog, som beskriv fordeler og ulempar.

Tinging av skogbruksplan kan sendast så fort som mogleg til AT-skog på:

**E-post:** [kjetil.vinje@atskog.no](mailto:kjetil.vinje@atskog.no)

**Mobil** +47 959 60 790

## Kvifor skal eg tinge ny skogbruksplan.

Skogbruksplanen er eit viktig verktøy for kommunen når folk søker om nye landbruksvegar eller tilskot til skogtiltak. Ved søknad om tilskot til større veganlegg vil dei med skogbruksplan verta prioritert

## Miljøfigurar

### **Salg av tømmer forutsetter miljøregistreringer (MiS)**

Tingar du skogbruksplan no inkluderar det miljøregistrering. Denne vil være godkjent for 15 år frå leveringsdato og eigedomen blir miljøsertifisert slik at du kan selge tømmer.

I følge Norsk PEFC Skogstandard skal det utførast ein vurdering av kvaliteten på gjeldande registreringar kvart 15. år om det er behov for nyregistrering eller ein oppdatering av miljøregistreringane. Viktige naturtypar og rødlisteartar sjekkes ut.

**Utan miljøregistrering er det mogleg du ikkje får lov å levere tømmer i framtida.**

## Skogeigars medverking i planprosessen

- Får tilsendt teigkart for verifikasiing av grenser og moglegheit til å gje tilbakemelding på eventuelle miljøfigurar dei ønskjer vi skal sjå nærare på.
- Kartmøte i forkant av feltarbeidet. Planleggar har nye kart der skogeigar kan komme innom og sjekke sin eigedom, veier, nye hogster osv.
- Etter planen er levert: 1 mnd klagefrist på MiS
- Kurs i bruk av plan, ALLMA etter avtale med takstutvalget etter planane er levert og skogeigar har hatt moglegheit til å se litt på den.

## Digitale moglegheiter

Den nye skogbruksplanen er fulldigital og gjer mange moglegheiter både no og i åra framover.

**Allma** skogbruksplanen på web. På pc og smarttelefon.

**ALLMA Standard**

**Gratis ut 2023 til alle med ny plan!**

**ALLMA Standard, all funksjonalitet, 450,- (medlemmar) 700,- (ikkje medlemmar) pr år. Lage kart, tegne tiltak, oppdatering av tiltak, osv**

**ALLMA framskrivast kvart tredje år, dermed har skogeigar heile tiden ein plan som er oppdatert.**

## **Økonomi**

Ønskjer du moglegheiten for ein høgare rotnetto på skogen din? Ny skogbruksplan er den beste forutsetning for meir rasjonell planlegging og drift.

Planen kan dekkes med skogfond, sjå pris ark

## **Dokumentasjon**

Kravet til planlegging i forkant av tiltak som blir utført i skogen, og dokumentasjon i etterkant, er skjerpet. Ein ny skogbruksplan med integrert miljøregistrering, kulturminner og flerbruksbensyn m. m gjer deg det beste verktøyet på markedet. **Salg av tømmer krever en miljøregistrering.** Dersom du ikkje har dette på eigedomen, nytt moglegheita no som det blir gitt 70% tilskot og 3kr pr dekar frå skogeigarlaget

**I tillegg vil ein oppdatert skogbruksplan ligge som grunnlag for å få tilskot til bygging av landbruksveg frå kommunen!**

## **Oversikt**

Ein oppdatert oversikt over dine skogressursar med tilhøyrande gode kart og forslag til skogbehandling vil være den beste forutsetning for deg som skogeigar for å drive skogen på ein forsvarleg måte med tanke på skogtilstanden, miljø, flerbruksbensyn og økonomi.

## **Salg og overdragelse**

Har du planer om salg, overdragelse eller lånetakst? Ein oppdatert plan vil gje deg det beste grunnlaget for dette. Tenk på neste generasjon!

## **Statstilskot**

Det blir nå gitt **70 %** statstilskot til ny skogbruksplan.

Kva størrelsen på eit eventuelt statstilskot blir, eller om det i det heile tatt vil bli gitt tilskot til skogbruksplanar i framtida, er svært usikkert.

## **Delvis områdetakst**

Det blir kun registrert og utarbeida digitale data på bestilte eigedomer.

På eigedomer som det ikkje bestilles plan på er det ikkje sikkert det blir utført registreringar slik at det blir kostbart å komme i ettertid dersom man senere vil ha plan. No som alle nye planer blir fulldigitale og moglege å oppdatere fortløpende, er det usikkert om det blir gjennomført takster i den form det er i dag, i framtida.

**Det er kun dei med ny plan som får full tilgang til digitale løsningar og kan utnytte all funksjonalitet i ALLMA.**

## **Kostnad**

Se vedlagt prisark. Ved bruk av skogfondsmidler til å betale eigenandelen på planen blir reel kostnad etter skatt svært liten.

## **Ansvar**

Som skogeigar har du påtatt deg et ansvar med å forvalte ein ressurs med mange formål. Skogen er ein mogleg inntektskilde til skogeigar, eit leveområde for dyr og fugler, eit rekreasjonsområde for folk og ein luftrensar som produserer oksygen og forbruker co<sub>2</sub>. For å betre kunne forvalte denne viktige ressursen på ein god måte får du tilbod om ein plan til dette.

*Ønsker du som skogeigar å ha ein oppdatert oversikt over dine skogressursar, forslag til skogbehandling, gode oppdaterte kart og eit utmerka dokumentasjonsverktøy? Bestill plan i dag!*

Ta kontakt om du har spørsmål.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Landbruk

Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Brosjyre-Alver-2  
Tilbud pris til skogeier\_Alver